

Sakshandsamar:

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf.: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 13/2435-24

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

24641/13

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 09.07.2013

Norges Vassdrags- og energidirektorat


p.b. 5091 MAJORSTUA

0301 OSLO

nve@nve.no

Uttale til endringsmelding for Steindal kraftverk i Flora kommune

NVE har sendt ut endringsmelding for Steindal kraftverk i Flora på ei avgrensa høring til dei partane som har sendt fråsegn til den tidlegare søknaden.



Endringane i prosjektet går ut på at det no vert lagt fram to alternativ, A og B. Alt. B er ganske likt den tidlegare søknaden. Inntaksnivået i dei to elvane er flytta 10 høgdemeter nedover og overføring av Litleelva er sløyfa. Kraftproduksjonen går ned frå 16,1 til 14,37 GWh.

I alternativ A (jf. kartet) er det lagt opp til separate vassvegar frå inntaka i dei to elvane og heilt ned til kote 23. Her skal det byggast kraftstasjon med to aggregat samlokalisert med Skolten kraftverk. Overføring av Litleelva er ikkje med her heller. Skolten kraftverk skal produsere på restvassføringa i elva. Denne blir noko større enn i det tidlegare prosjektet, når overføringa av Litleelva fell bort. Vassvegane for dei to nye kraftverka skal gå parallelt med vassvegen til Skolten kraftverk frå kote 98 til kote 23. Samla produksjon i dei to kraftverka vert 25,5 GWh.

Kraftproduksjonen i Skolten kraftverk vil gå ned. Det er gjort avtale med eigarane av Skolten kraftverk om felles utnytting av vatnet i nedre delen av prosjektet.

Vurdering.

Fylkeskommunen hadde ikkje merknader til det første prosjektet som vart framlagt for Steindal kraftverk og rådde til at konsesjon vert gitt. Fylkesrådmannen ser på dei to løysingane som no vert lagt fram som vidareutvikling av det første prosjektet. Fylkesrådmannen har ikkje merknader eller innspel til materialet som er framlagt.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
Fylkesdirektør.

Idar Sagen
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Norges Vassdrags- og energidirektorat pb. 5091 MAJORSTUA 0301 OSLO

Kopi til: